

# 1. Referat Årsmøte Rogaland Sau og Geit 2017

Clarion Hotel Air, 17. – 18. februar

- 1. Årsmøtedeltakarane vart ønska velkomen** av møteleiar Sigmund Skjæveland. Opning og velkomst av vertskap Gjesdal Sau og Geit, v/Erik T. Ravndal. Dei er eit aktivt lokallag med eit ungt miljø og 119 medlemmer. Erik gav ordet vidare til ordfører Frode Fjeldsbø. Gjesdal er ein vekstkommune med ca. 12.000 innbyggjarar og 12.035 sauer fordelt på 119 bruk. Det er 3 aktive geitebruk i kommunen. Fjeldsbø song ei strofe frå Gjesdalsongen og ønska lykke til med årsmøte.
- 2. Innkalling og sakliste:** Godkjent. Rekkefølga på saklista blei forandra: sak 10, innlegg av Andreas Våge, blei flytta til slutt på fredag, som sak 12.
- 3. Opprop** v/ Kjell Åge Torsen. Seks lokallag har ikkje utsendingar til årsmøtet: Halsnøy, Jøsenfjorden, Karmøy, Kvitsøy, Ølen og Årdal.
- 4. Val av to til å skrive under protokollen:** I tillegg til møteleiar Sigmund Skjæveland, Stian Espedal og Siv Meling.
- 5. Tale av Leiar i RSG, Bjørn Høyland:**  
1 år er gått sidan eg blei vald som leiar og det har vært eit fantastisk år. Me har eit positivt og godt styre. Lokallag, småraselag, geitenæring og medlemmer i RSG har vært flinke å komme med innspel. Me arbeider etter beste evne og ting tar tid, men eg synes at arbeidet me har gjort begynner å gje resultat.

Marknad og pris:

Etter fleire år med underdekning og gode priser på sau og lammekjøtt, opplevde me ein forandring på dette i slutten av 2015 og i 2016. Om me kallar det overproduksjon eller undersalg kan nok diskuteras. Bonden gjorde sin del og følgde anbefalinga om å slakte lamma tidlegare og med lågare slaktevekt, men til tross for dette auka lageret. Nå ser det endeleg ut til at alle drar i same retning for å redusere lageret før neste sesong, med salskampanjar o.l. Dette har eg tru på vil verta vellykka, slik at me unngår stort prisfall og at det blir levelege kår for alle, spesielt for dei som har investert og som har tru på ei framtid med sau og geit.

Gjetarhund:

Enkelte områder har eit svært godt gjetarhundmiljø mens andre slit med det. RSG har god kontakt med gjetarhundlaget og vil ilag med dei prøve å få til eit aktivt miljø i heile fylket.

Sjukdom:

Heldigvis så ser det ut til å være kontroll på fotråte situasjonen i Rogaland, og tal tilfelle går stadig nedover.

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

Rovdyr:

Vi er i region 1 når det gjeld rovdyr og her er det kun streifdyr som skal tolererast. Slik har det ikkje vært siste året der enkelte har opplevd store tap. Her er det viktig å holde trykket oppe, slik at det ikkje får etablere seg rovdyr fast i regionen. Samtidig er det viktig å vise vår støtte til andre yrkesbrøyr som har store utfordringar med rovdyr.

Glede og positive sider:

Norsk landbruksproduksjon er ei suksesshistorie og sau og geit er ein del av dette. Sidan avtaleinstituttet blei oppretta på 50-talet har det stort sett bare gått ein veg med norsk landbasert matproduksjon. Me har laga ordningar for ei ønska utvikling, stort sett har me vore einige om retninga, men farten har innimellom vore eit hett tema. Men når ein ser mot andre land, spesielt EU, ser me at suksessfaktoren i vårt langstrakte land har vore høg. Den største bidragsytaren for suksess har vore kanaliseringpolitikken, der har sau og geit vært eit stjerneeksempel på korleis ein nyttar norske råvarer. Eit framtidretta innspel til dette vil vere at sau og lammekjøtt-produksjonen skal være 100% forsynt av norske fôrråvarer innan 2020.

Organisering og rekruttering:

Styret ønsker å auke fokus på dei unge og nye sau- og geitebønder som vil være med oss. Det å holde produksjonsomfanget slik det er i dag, er eit omfang som er stort nok for dei som vil være med å dra lasset vidare. Dagens unge har eit anna syn på kva det inneber å være aktive foreldre og samtidig være med å utvikle norsk sau- og geiteproduksjon inn i framtida. Det er viktig i ein travel kvardag å leggje til rette for mulegheit for fritid og ferie ilag med familie og venner.

Me har 32 lokallag i fylket med 32 ulike meiningar og forutsetningar. Det har vært ei sann glede å komma rundt til mange av dei å få høyra deira meiningar rett frå levera utan filter. Eg opplever at Rogaland er som eit Norge i miniatyr, frå sjø til høge fjell, med mange ulike forutsetningar som bruka har, her er det viktig å prøve å tale alle sin sak.

I framtida vil det være viktig å ha lokallag med god driv, for eksempel erfaringsgrupper, fagsamlingar og ulike kurs. Levande lokallag som kan gje innspel til fylkeslaget og så vidare, er viktig for å få ein sterk og samkøyrta organisasjon.

Eg vil nytte anledninga til å takke for at eg får være dokkar styreleiar, dette er eit interessant og lærerikt tillitsverv som gjer meg mange positive opplevingar og mykje god energi.

Godt Årsmøte.

## **6. Kommentrar til leiaren sin tale:**

Kjekt i Sau og Geit, fekk inspirasjon frå leiarmøre, nye tema, RSG er flinke.

Det er viktig å gje skrøyt og oppmuntring.

Landbruksmeldinga, det gjeld å stå saman, støtte opp om kvarandre og vera positive.

Vi må ta omsyn til geitenæringa og beitebruk.

Oppfordring til årsmøtet om støtteerklæring når det gjeld rovdyr.

Matvaresituasjonen er lite belyst i landbruksmeldinga. Kan vi fatta ein resolusjon om matvareberedskap, kornlager?

---

Sign

---

Sign

---

Sign

Svar:

Bjørn var i møte med Bondelaget om jordbruksforhandlingane, gav innspel om geitemelk. Viktig å vise støtte i rovdysaken.

To komitear blei oppnemnt. Dei skal skrive kvar sin resolusjon frå årsmøtet som skal sendas ut til alle medier, NSG og Fylkeslaga.

Rovdyr: Leiar: Jan Helge Havsø, Magne Jakob Bjørheim, Sveinung Havrevold.

Matsikkerhet: Leiar: Dagfinn Torstveit, Stian Espedal, Egil Tunheim.

**7. Årsmeldinga**, gjennomgang av Asbjørn Haga. Einstemmig godkjent.

Spørsmål og kommentar:

RSG bør ha møte med Mattilsynet kvart år, det manglar dette året.

Svar: Mattilsynet såg ikkje behov for møte med RSG. Avtalen er at dei møter på RSG sitt styremøte når vi ønsker det. Vi kontaktar dei til våren.

Fjelldagane var før bare ei helg frå fredag til søndag, nå er det både fleire dagar og dyrare.

**8. Rekneskap for 2016**: ved Torill Undheim. Einstemmig godkjent.

Spørsmål og kommentar:

Heiaprojekt/e-bjøller burde stått som uteståande krav.

Svar: Skal få tilskot frå fylket, men veit ikkje summen endå.

Kåringa er blitt ført som note, det vert retta opp i neste års rekneskap.

Kåringsansvarleg Arnhild Skjørestad: Kåringa gjekk med stort underskot dette året. Det kom nye kåringsreglar med ein god del endringar, og det var behov for fleire samlingar med dommarane.

Vi hadde ei ordinær dommarsamling, ei samling med småraselaga og evaluering i etterkant av kåringane. Neste år satsar vi på at ei dommarsamling er nok.

Arnhild oppfordra til å arrangere kåringssjå der MT gjer godkjenning til det. Nabo-lokallag bør prøve å ha kåringssjå på forskjellige dagar, det vil gjere det lettare å fordele dommarane.

**Budsjett for 2017**: Godkjent med endring.

Spørsmål og kommentar:

Kvifor dobling av møtekostnader?

Svar: Reise til landsmøte fører til høgare kostnader. Usikkerhet om NSG betaler for ein eller fleire utsendingar.

Varer for vidaresal, sal av radiobjøllene for kr. 120.000. Kor stor var leieinntekta i 2016?

Svar: Bjøllene blei utleigd for kr. 200 pr. stk. 2015-tala ligg i regnskapet for 2016.

RSG har 160 E-bjøller, har fått inn 134 stk. nokre er øydelagt. Dei skal sendas inn til

Findmysheep for overhaling før sal.

Forslag frå fleire om å auke budsjettet for revepremie frå kr. 75.000 til 100.000.

Dette blei vedtatt mot ei stemme.

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

Me må få til prosjekt for å styrke næringa på sau og geit.

Erfaringsgrupper for nye og unge bønder, kven betalar for aktivitet og kurs?

Burde ikkje starta erfaringsgruppene før finansieringa var klar. RSG har god økonomi som kan brukas. Kan søkje om midlar hjå Fylkesmannen til «kompetanseheving i landbruket».

Svar: Fleire lokallag har god økonomi som dei kan bruke på erfaringsgruppene.

Blir det sendt purring på medlemskontingent som ikkje er betalt?

Svar: Ja, NSG sender purring.

### **9. «Saueskinn – ein ressurs» ved Anders Nertoft frå Fatland Hud og Skinn**

Norsk saueskinn er i verdensklasse, blant anna pga lite utøy på sauene. Det er også viktig å unngå klippeskader på skinna og skader under slaktinga. Skinn frå Norge har generelt god kvalitet og blir brukt til motevesker, klær, skinnseter i luksusbilar og liknande.

Norsk ull har også god kvalitet, og er bl.a. brukt til golvteppe i Det Hvite Hus.

### **10. Innkomande sakar, Ingen.**

Asbjørn Haga tok opp problema med sauhusgolv frå Reime som svikter. Vi må vise vår støtte til dei som har dette problemet.

### **11. Handlingsplan 2017, ved Torill Undheim. Einstemmig godkjent.**

Spørsmål og kommentar:

Det manglar godkjente instruktørar til klyppekurs på dei høgste nivåa. RSG bør vera etter NSG for å få fortgang i sertifiseringa av norske klyppeinstruktørar.

RSG oppfordrar lokallaga til å starte erfaringsgrupper for nye og unge bønder, og det blir arrangert ein tur til Setesdal i byrjinga av mars.

I Sør-Jæren Sau og Geit er det starta mange nye grupper, og i Gjesdal har det vært slike grupper i mange år allereie. Det treng ikkje verta så dyrt for å vera lærerikt og ha det gildt.

### **12. «Kva treng eg for å trivas i kvardagen» ved psykolog og sauebonde Andreas Våge**

Kjenn på følelsar.

Personlegheita pregar oss.

Finn ut kva som gjer deg energi og kva som tappar deg for energi:

Ekstrovert	– ENERGI –	Introvert
Sansing	– OPPMERKSOMHET –	Intuisjon
Tenking	– AVGJØRELSE –	Følelse
Avgjørelse	– LIVSSTIL –	Opplevelse

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

### **Festmiddag fredag kveld.**

Pokal til beste indekxvæ: Lars Nevland for veren Lemon, ind. 146.

Pokal til beste bukk: Anna Olaug og Hallvard Veen for bukken Fjellspretten, ind. 130.

Nytt æresmedlem i RSG, Hermund Lende, fekk gode ord og påskjønning for godt arbeid i sauenæringa i Rogaland.

Siri Vlstad Jensen stod for song-underholdning.

### **13. Innlegg av Fatland v/ Svein Fatland**

Marknadsbalansering viktigare enn marknadsregulering, kanskje på tide å tenkja nytt. Fatland sel meir enn dei produserer sjlv, og i fjor haust vart det kjøpt 30.000 lammeslakt frå Nortura. Slakteria må ha større ansvar for produksjon og sal. Frosne varer er ikkje populært. Fatland driv utvikling av nye produkt, som blant anna spekemat med mindre salt og lammekebab. Det er viktig å bruke heile dyret, ikkje bare de fine kjøtstykkka.

Spørsmål og kommentar:

Oppfordring til sauebnder om å ta i retur eit slakt ekstra.

Prisnedgang på 6 kroner nå i vår, kor forsvinn dette?

Svar: Lageret er årsaken, målet er å minke fryselageret før det ferske kjøttet kjem i 2017.

### **14. VAL AV NYTT STYRET FOR 2017**

Leiar for 1 år:	Bjørn Hyland	Gjenval:47 stemmer,2 blanke, 1 ute
Styremedlem for 2 år:	Iren Vestersjø Hidle	Ny, 50 stemmer
Styremedlem for 2 år:	Alf Dybing	Ny, 50 stemmer
Styremedlem:	Torill Undheim	Ikkje på val
Styremedlem:	Håvard Helgeland	Ikkje på val
1.varamedlem:	Kjell Åge Torsen	Attval
2.varamedlem:	Eirik Gilje	Ny
3.varamedlem:	Dagfinn Knutsen	Ny
Nestleiar for 1 år:	Håvard Helgeland	
Kasserar:	Torill Undheim	
Revisor for 2 år:	Tor Olav Gya	Attval for 2 år
	Egil Svela	Ikkje på val
Varamedlem:	Andre Kjrmo	Attval
Mteleiar til årsmte 2018:	Ove Ommundsen	Ny
Vara:	Hanne Elise Lindal	
Valnemd:		
Nord-Rogaland:	Hanne Lundal	Valt for 2 år
Personlig vara:	Arne Frystad	
Dalane:	Nils Fjellanger	Valt for 2 år
Personlig vara:	Knut Thunheim	

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

Godtgjersle tillitsvalde i RSG:

Forslag om å auke satsane noko: Godkjent med akklamasjon:

	<u>Dagens sats:</u>	<u>Føreslått sats:</u>
Leiar:	kr. 30.000	kr. 30.000
Kasserar:	kr. 18.000	kr. 18.000
Nestleiar:	kr. 15.000	kr. 15.000
Andre styremedlem:	kr. 6.000	kr. 8.000
1. varamedlem:	kr. 6.000	kr. 8.000
Leiar avlsutval Rogaland:	kr. 6.000	kr. 8.000
Andre tillitsvalde:	kr. 700 pr. dag	kr. 800 pr. dag

Tillegg for styremedlemmer for arbeidstid over 20 dagar:

Kr. 1.600 pr. dag over 6 timer og kr. 800 pr. dag under 6 timer.

Tillitsvalde får reise/bilgodtgjering etter statens regulativ.

#### **15. «Til fjells å eta seg feit» v/ Jærmuseet**

**Anne Jorunn Frøyen og fotograf Ann Helen Robberstad.**

Jærmuseet er det einaste landbruksmuseet vi har i Norge, og dei har god kontakt med Jæren Smalalag. Dei fortalde om drifta i Smalalaget frå starten og fram til i dag. Nå held dei på med eit prosjekt der dei har fylgt drifta i Fidjelandsheia, det blir dokumentert med bildar og forteljingar. Dette er ei næring der heile familien blir engasjert. Dei har også intervjuar alle heiasjefer og beitelag. Følg prosjektet på bloggen.

Vi fekk sjå ein filmsnutt frå Eigersund, der dei ynskjer å få til eit beiteprosjekt med geiter på Vaberg nær sentrum. Det er i ferd med å gro igjen, og målet er å få til eit samarbeid med innvandrarar, som kan vere med på gjering og gjeting.

#### **16. Innlegg frå NSG v/ Sigmund Skjæveland, ordfører i representantskapet**

NSG blei stifta i 1947 og er 70 år dette året. Det er 19 fylkeslag og 365 lokallag.

I fjor ba NSG slakteria om å setje ned grensa for stjernelam pga overproduksjonen.

Skryt til bøndene for å følgje opp tiltaka, men sauetalet bør ikkje aukast.

Korleis er det med saueavlen? Er den god? Mange sluttar i ringsystemet.

Rådgiving på beite og utmark er viktig. I rovdyrområder er alle medlem i Sau og Geit fordi dei er avhengige av hjelp. Medlemsfordeler er bl. a. aktivt fagmiljø, aktiviteter, advokathjelp, apotekavtalen, klyppekurs, insemineringskurs, gjetarhundkurs, osv. Bladet Sau og Geit er god lesing.

Semintenesta er eit flott system der alle kan vera med utan å vera i ring.

Stortingsmelding 11, NSG sitt syn: Auka utmarksbeite-tilskott må ikkje gå på bekostning av beite på innmark. Ynskjer å behalda dagens ordning på avløyning.

Må oppretthalda marknadsordninga på geit. Er gjort ein god jobb med sanering.

Tillitsvalde i lokallag kan sjekke om medlemmar har betalt kontingenten. Kravet på kontingenten vert sendt ut frå NSG og dei sender også purring.

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

\_\_\_\_\_  
Sign

Spørsmål og kommentar:

Sonegrensene kan få konsekvensar for smårasane.

Ønske om opplæring i å laga web-side.

Olav Sande frå Rogaland Bondelag: Dei jobbar med landbruksmeldinga, viktig å få sentrale politikarar til fylke vårt. Bondelaget har 42 lokallag som er viktig for bygdene. Ser fram til vidare godt samarbeid med RSG.

Sigmund Skjæveland har vore ordstyrar på årsmøtet i RSG i 12 år. Han vart takka av og fekk blomster, bilde og krus.

Asbjørn Haga vart takka av etter 6 år i styret og fekk blomster, bilde og krus.

Bjørn slutta av med å takka for tilliten og for eit godt årsmøte.

**Sigmund ynskte vel heim før me avslutta med lunsj.**

---

Sigmund Skjæveland  
Ordstyrer

---

Siv Meling

---

Stian Espedal